

Barnehagane i Seljord kommune

ÅRSPLAN DEL 2 2022/23



Til det beste for barnet

Flatdal oppvekstsenter (Fos) barnehage

Adr: Flatdalsvegen 789, 3841 FLATDAL

Tlf.: 350 51 365

E-post: nina.merete.bakkaaker@seljord.kommune.no

www.seljord.kommune.no



FLATDAL OPPVEKSTSENTER, BARNEHAGE



Oppvekstsenteret ligg nært til skog og mark, Landsbyen og butikken. Barnehagen, skulen, og samfunnshuset med gymsal og skule-barnehagebibliotek held til i egne hus på same tunet.

INNHALD

- Innholdsfortegnelse s. 2
- Forord s. 3
- Kontaktinformasjon s. 4
- Barnegruppa s. 5
- Personalet og dagsrytmen s. 6
- Vekeplan s. 7
- Gruppedeling s.8
- Årshjul hausten s.9
- Årshjul våren og satsingsområda våre s.10
- Innhald i barnehagekvardagen s.11-15

FORORD

Barnehagesektoren i kommunen består av Flatdal oppvekstsenter barnehage, og Seljord barnehage avd. Heddeli og avd. Tussejuv.

Barnehagane i kommunen samarbeider tett og har eit einskapleg barnehagetilbod. Kompetanseutvikling i personalet skjer i storfellesskapet og følgjast opp i kvar barnehage. Me inspirerer kvarandre og samarbeider om haldningar, innhald og arbeidsmåtar. Personalet kan flyttast rundt der det til ei kvar tid er behov, og dei kan vikariere for kvarandre på tvers av avdelingane.

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon. Vi forvaltar til ein kvar tid barns rettigheitar, føringane i barnehageloven, nasjonal rammeplan, og lokale planar. Vi skal halde oss oppdatert på forsking, og deler kunnskap og erfaringar til det beste for barna.

Årsplanen til barnehagane inneheld to delar:

[Årsplan del 1](#) er felles for alle barnehagane i Seljord kommune. Her kan ein lesa om kva, kvifor og korleis vi driv som vi gjer. Rullerast ved behov.

[Årsplan del 2](#) inneheld informasjon om den einskilde barnehage og er barnehagens program for inneverande år.

Meir detaljert informasjon om verksemda frå dag til dag finn du på My Kid, - ei elektronisk kommunikasjonsplattform mellom personalet og foreldra.

Barnehagane i kommunen er knytta til USN gjennom ei partnerskapsavtale. Det inneber at vi tek imot studentar og følger dei opp i praksisperiodane. Dei følger sin praksislærer i barnehagen, utfører eigne oppgåver og får rettleiing. Barnehagen får tilbod om ulike faglege samlingar bygd opp rundt studentane. Vi deltek og i Rekomp, ei plattform for utviklingsarbeid i personalet der universitetet står for det faglege innhaldet i samlingane. Dette er eit Vest-Telemark samarbeid.

Har du spørsmål, meiningar, tankar du vil dele, gode idèar eller anna? Ta kontakt. - [til det beste for barnet.](#)

Flatdal oppvekstsenter, september 2022

Nina Bakkåker, styrar/assisterande einingsleiar.
Pia Groven Robertsen, rektor/einingsleiar.

KONTAKTINFORMASJON LEINGA

Rektor på Flatdal skule / einingsleiar FOS: Pia Groven-Robertsen

Post- og besøksadresse: Flatdalsvegen 789, 3841 Flatdal

Telefon: 35 05 13 60 Mobil: 916 27 820

E-post: pia.robertsen@seljord.kommune.no

Styrar for barnehagen / assisterande einingsleiar FOS: Nina Merete H. Bakkåker

Post- og besøksadresse: Flatdalsvegen 789, 3841 Flatdal.

Telefon: 35 05 13 65 Mobil: 950 68 142

E-post: nina.merete.bakkaaker@seljord.kommune.no

KONTAKTINFORMASJON SAMARBEIDSUTVALET

Foreldrerepresentant og leiar av SU: Lina Aasan

Mobil: 463 52 761

E-post: lina.aasan@outlook.com

Vara: Eli Flatland

Mobil: 906 86 094

E-post: eliflatland@gmail.com

Personalrepresentant, barnehagen: Margrete Ims Langåsdaalen

Mobil: 977 92 598

E-post: margrete.langasdalen@seljord.kommune.no

Personalrepresentant, barnehagen: Gunn Tone Moen

Mobil: 906 24 408

E-post: gunn.tone.moen@seljord.kommune.no

Eigarrepresentant, Seljord kommune: Terje Haugland

Mobil: 410 05609

E-post: terje.haugland@seljord.kommune.no



BARNEGRUPPENE

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
Raudrev - gruppa 2017				
Gustav	Gustav	Gustav	Gustav	Gustav
Vemund	Vemund	Vemund	Vemund	Vemund
Maren	Maren	Maren	Maren	Maren
Bragi	Bragi	Bragi	Bragi	Bragi
Tore	Tore	Tore	Tore	Tore
Luke		Luke	Luke	Luke
6	5	6	6	6
Raudrev - gruppa 2018				
Eileen	Eileen	Eileen	Eileen	Eileen
Sabrina	Sabrina	Sabrina	Sabrina	Sabrina
Andrine	Andrine	Andrine	Andrine	Andrine
Nora	Nora	Nora	Nora	Nora
Aslak	Aslak	Aslak	Aslak	Aslak
Thea	Thea	Thea	Thea	Thea
6	6	6	6	6
12	11	12	12	12
Personalet på Raudrev-gruppa				
Ann-Christin	Ann-Christin	Ann-Christin	Ann-Christin	Ann-Christin
Margrete	Margrete	Margrete		
			Anita	Anita
Bente	Bente		Bente	
Blåugle - gruppa 2019				
Julia	Julia	Julia	Julia	Julia
Signe	Signe	Signe	Signe	Signe
Anine	Anine	Anine	Anine	Anine
Victoria	Victoria	Victoria	Victoria	Victoria
Eyja	Eyja	Eyja	Eyja	Eyja
Frida	Frida	Frida	Frida	Frida
Veslemøy	Veslemøy		Veslemøy	Veslemøy
7	7	6	7	7
Blåugle - gruppa 2020				
Sigmund	Sigmund	Sigmund	Sigmund	Sigmund
Åsne	Åsne	Åsne	Åsne	Åsne
Rebekka	Rebekka		Rebekka	
3	3	2	3	2
10	10	8	10	9
Personalet på Blåugle - gruppa				
Gunn Tone	Gunn Tone	Gunn Tone	Gunn Tone	Gunn Tone
Jane Kristin	Jane Kristin	Jane Kristin	Jane Kristin	Jane Kristin
Anne Karin		Anne Karin	Anne Karin	Anne Karin

PERSONALET

NAMN	STILLING	STILLINGSSTORLEIK
Pia Groven-Robertsen	Rektor / einingsleiar	100%
Nina Merete H. Bakkåker	Styrar /ass. einingsleiar	100 %
Ann-Christin F. Høgetveit	Pedagogisk leiar	100 %
Gunn Tone Moen	Pedagogisk leiar	100 %
Jane Kristin Aarhus	Fagarbeider	100 %
Anne Karin Haugan	Assistent	80 %
Bente Veisene Angre	Assistent	60 %
Margrete I. Langåsdaalen	Assistent	60 %
Anita Langåsdaalen	Assistent	40 %
Vaida Backauskiene	Reinholdar	25 %

ORGANISERING

Dette barnehageåret er vi 22 barn/25 plassar i alderen 2-5 år.

Ann-Christin har hovudansvar for **Raudrev (4-5 år)** saman med Margrete, Anita og Bente
Gunn Tone har hovudansvar for **Blåugle (2-3 år)** saman med Jane Kristin og Anne Karin.
Desse to gruppene delar seg i to igjen under samling, måltid og kvilestund.

DAGSRYTMEN

- for å skape forutsigbarheit for barna visualiserar vi dagsrytmen på dagtavler.

NÅR	KVA SKJER?
	Barna har ete frukost heime, og er kledd til uteliv når dei kjem
7.30	Barnehagen opnar. Vi tek imot barna ute
7.45 - 9.45	Leik ute og inne
9.45 - 12/13.30	Arbeid i grupper: ulike aktivitetar, samling, turar og leik
10.30 - 12.30	Formiddagsmat, kvilestund og garderobe
12.30 - 16.30	Leik ute og inne. Pauseavvikling (12-14)
13.30 – 14.00	Ettermiddagsmat m/frukt og grønnsaker
16.30	Barnehagen stenger.

Innhaldet i barnehagekvardagen blir til i samarbeid med barna og kjem til uttrykk i nyheitsbrev, på kalenderen, dagen i dag og bilete, utstillingar med meir. Rammene er det personalet som set. Dei skal spegle føringane i nasjonal rammeplan og lokale planar.

Barna har med seg ein liten tursekk heimefrå med sunn niste og drikkeflaske med vatn. Og eit lite sitteunderlag. Hugs bestikk i sekken om barna treng det. Solkrem, ein caps og solbriller beskyttar hovud, andlet og kropp på solrike dagar.



Anbefalar sterkt å merke klede og utstyr, og halde orden på garderobeplassen. Det gjer det enklare for barna å finne fram i løpet av dagen. På kvar plass heng det ein ekstra tøypose de kan nytte til skift. Skittent og vått tøy må takast med heim til vask og tørk. Det er fint om de har eit nett liggande som vi kan legge det i ved behov. *Vi har ikkje moglegheit for å låne bort, eller tørke klede i barnehagen.*

Det er fint om barna har med eit lite kosedyr som kan bu i sekken og vere med i kvilestund

VEKEPLAN

- dei ulike gruppene har faste aktivitetar på faste dagar

		MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
Raudrev	Oddetal	Inne Lage mat 2017-barn besøke skulen/SFO	Turdag Disponerer grillhytta og utestøgo.	Ute og inne i barnehagen	Turdag Disponerer grillhytta og utestøgo.	Ute og inne i barnehagen
	Partal	Ute Disp. grillhytta og utestøgo 2017-barn besøke skulen/SFO				
Blåugle	Oddetal	Ute Disp. grillhytta og utestøgo	Ute og inne i barnehagen	Turdag Disponerer grillhytta og utestøgo.	Ute og inne i barnehagen	Turdag Disponerer grillhytta og utestøgo.
	Partal	Inne Lage mat				

Vi samarbeider med skulen om bruk av bibliotek og gymsal. I haust startar arbeidet med å renovere og bygge på skulen. I samband med dette skal skulen nytte biblioteket og gymsalen som midlertidige klasserom. Det vil sei at romma ikkje vert like tilgjengelege for barnehagen i denne perioden. På turdagane vekslar vi mellom turar i nærmiljøet og turar til gapahuken. Følg med i kalenderen.



GRUPPEDELING

Lange dagar, mykje tid i større gruppe, påtrengande og kontrollerande samspel, mange voksenstyrte og strukturerte aktivitetar, sosiale utfordringar utan å få støtte m.m. er faktorar som har samanheng med forhøya cortisolnivå i barnehagen. Stress kan vere positivt, men og negativt. Giftig stress kan svekke strukturen i ein utviklande hjerne og ha langsiktige konsekvenser for læring og atferd, samt fysisk og psykisk helse.

Jo fleire barn saman i same rom dess meir impulsar, lyd og bevegelse. Det blir mange behov, ynskje og meiningar som skal handterast på ein gong. Det kan opplevast uoversiktleg og overveldande, og vere utfordrande på mange måtar å skulle samhandle i eit slikt miljø. Barn som er engstlege, har mye negative emosjonar og/eller strevar med atferdsregulering er ekstra sårbare. Noko som og vil prege miljøet rundt dei. Dei yngste treng skjerming for ikkje å bli passive tilskodarar til dei eldste sin leik.

Barnehagen består av ei aldersblanda barnegruppe. Vi har barn som skal fylle 2 år og opp til 5/6 år som brukar det same arealet (rommet). Leiken skal vere den grunnleggjande aktiviteten i barnehagen. Det er her barn øvar seg og gjer erfaringar som formar dei i eigen dannelsingsprosess.

Leik og anna aktivitet (t.d. turar, måltid, garderobesituasjonar m.m.) i mindre grupper gjev rom for større ro. Det gjev betre rammer for både å sjå, lytte og ta hensyn til andre, og bli synleg og høyrte sjølv. Det er lettare å få oversikt på det som skjer, finne sin plass og få vere med å påverke. Og så gjev det betre rammer for å klare å fordjupe seg i leik og andre aktivitetar, og vere konsentrert over lengre tid utan å bli avbroten. Saman med fokus på eit kreativt leikemiljø opplever vi merkbar færre konflikhtar og vi ser meir glede og frigjering av positiv energi. Barna lukkast betre i samspel med andre og dei inkluderer kvarandre meir. Også dei som er ekstra sårbare. Barn bygger god sjølvfølelse og robusthet når dei får medverke og oppleve meistring.

Vi prioriterer leiken og organiserer dagen slik at vi sikrar barna samanhengande tid til leik med minst mogleg avbrot. Dette minimerar også talet på sårbare overgangar mellom ulike aktivitetar. Vi grupperer oss og utnyttar arealet vi har både inne og ute heile dagen.



ÅRSHJULET 2022/23

- tradisjonelle merkedagar, høgtider og foreldresamarbeid

VEKE	DATO	INNHALD
HAUST 22		
33	må 15. og ty 16.8	Planleggingsdagar. Barnehagen er stengt
34	on 17.8	Oppstart av nytt barnehageår
35	to 1.9	Foreldremøte/foreldreråd kl.18-20
36	fr 9. – su 11.9	Dyrskùn
38	ty 27.9	Møte i samarbeidsutvalet (Su)
38-40		Foreldresamtalar
43	ty 25.10	Foreldresamankomst 15.30-16.30, invitasjon kjem
43-46		24.10 FN-dagen 20.11 verdensbarnedagen
44	fr 4.11	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
50	ty 13.12	Lucia, barn og personal
51	to 22.12	Grautfest, barn og personal
52	fom må 26.12.22 – tom sø 1.1.23	Joleferie. Barnehagen er stengt



VEKE	DATO	INNHALD
VÅR 22		
1	må 2.1	Fyrste dag etter joleferien
1	fre 6.1	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.
Feb.		Foreldremøte
5 - 8	må 6.2	Samenes nasjonaldag, barn og personal
8	må 20.2	Fastelavn, barn og personal
9	To 2.3	Karneval, barn og personal
11	on 14.3	Barnehagedagen, tur til Bergebakken
12-13		Foreldresamtalar
13	to 30.3	Påskelunsj, barn og personal
18	to 4.5	Dugnad
20	ty 16.5	Generalprøve til 17.mai med skulen, barn og personal
23	ty 6.6	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
23	to 8.6	Sommarfest m/foreldre for dei som skal byrje på skulen
25	må 23.6	Sommarfest, barn og personal
26-32		Sommarferieavvikling for barna og personalet
28-30		Barnehagen er stengt

SATSINGSOMRÅDE

Inkluderande barnehagemiljø

Barnehagane og skulane i Seljord har vore med i det nasjonale prosjektet «inkluderande barnehage- og skulemiljø» i to rundar. Denne hausten rundar vi av vår deltaking.

Det siste året har barnehagane samarbeida med STYD kommunikasjon om å utvikle eit inkluderande leikemiljø. Det har vore ei svært positiv erfaring og merkbar utvikling. Vi la fram prosjektet i foreldremøte 1.9.22.

PS! Dersom barna fortel oss/visar oss at noko ikkje er bra, eller det oppstår bekymring hos foreldre og personal, så har vi rutinar for korleis vi skal gripe det an. Foreldre og/eller personalet fyller ut meldeskjemaet som ligg på My Kid. Personalet har ein aktivitetsplan som skal gje retning for oppfølging av saka til barnet igjen kjenner seg trygg og trivast i barnehagen. Denne planen lagar vi saman med foreldre og barn.

Leining og foreldresamarbeid 2022-23

Dette året har vi vidareført samarbeidet med STYD kommunikasjon. Dei ser på vår organisasjon med nye auger og utfordrar oss på ulike plan. Med deira kunnskap og erfaring opplever vi å utvikle vår eigen «gjerekompetanse» på ulike måtar. Målet er at kunnskap og ord skal bli til handling når det gjeld å utvikle psykisk helsefremjande barnehagar.

I året som har gått har det skjedd store endringar i leikemiljøa våre. Det fysiske leikemiljøet er endra. Personalets rolle er justert. Året som kjem skal vi ha fokus på leining og foreldresamarbeid. Det skal handle om «saman-kultur» til barnets beste.

Du kan lese om STYD kommunikasjon og deira arbeid [her](#).

Opprusting av skulen og tankar om utviding av barnehagen

Kommunestyret har vedteke at Flatdal skule skal rustast opp og byggast på. Planen er at det skal skje mellom 1.9.22 og 1.12.23.

Når den nye skulen er ferdig og elevar og lærarar har flytta inn er signala at det gamle biblioteket på samfunnshuset skal rustas opp for å kunne ta imot fleire barn i Flatdal barnehage. Vi må gjere det vi kan for at lokala skal egne seg til barnehagedrift. Vi treng tilpassa areal både inne og ute.

INNHALD I BARNEHAGEKVARDAGEN



Barnekonvensjonen gjev barn rett til utdanning, og barnehagen er fyrste del av utdanningsløpet. Utdanning i barnehagen er dannelsingsprosessen som er grunnmuren all læring som kjem etterpå skal byggast oppå.

Utdanninga skal m.a. utvikle barns personlegdom, talentar og psykiske og fysiske evner så langt det er mogleg. Barnet skal verte førebudd på eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn, og utvikle respekt for menneskerettane, dei grunnleggjande friheitane og prinsippa i FN-pakta.

Det ein legg opp til av leik, aktivitetar og daglege gjeremål i barnehagen skal ta utgangspunkt i enkeltbarn- og barnegruppas behov og interesser. FN's barnekonvensjon slår fast at barn har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve. Det handlar om retten til å leve eit liv basert på eigne val (autonomi). Det handlar og om rett til yringsfridom og rett til beskyttelse. Dette skal speglast i måtane personalet møter barna på.

Personalet skal gje barna eit bredt spekter av erfaringar etter føringane i rammeplanen, og stimulere til utvikling. Vi skal sikre at dei får vere aktørar i alt vi held på med. Personalet har ansvar for å etablere varme trygge fellesskap der vi saman opplever humor og glede, - både små og store. Vi skal ha fokus på mestringsfølelse og akkurat passe utfordringar kring barnas naturlege nysgjerrige og leikande veremåte. På denne måten fremmer vi robuste barn, og skaper motivasjon for læring.

Det er i møte med andre vi blir oss sjølv. Personalet skal skape gode rammer for samspel og samarbeid. Leik er barns væremåte, - deira arbeid. I eit kreativt leikemiljø øvar vi oss på å løyse små og store utfordringar ved å dele erfaringar og utfordre tanken. Det krev både openheit, kreativitet og improvisasjon i møte med kvarandre. Og vi må våge å gje oss utpå utan å vere redde for å mislukkast. Omsorg, støtte og hjelp, og erfaring med at det går bra til slutt, er viktige erfaringar å ha med seg frå ein er liten.

Vi er takksame for eit åpent og tett samarbeid med foreldre. Då vil begge partar få meir utfyllande kjennskap til barnet, og kunnskap om korleis vi møter barnets behov på best mogleg måte. Ikkje nøl med å ta kontakt om smått eller stort.

My Kid er eit supplement der foreldre og personal kan dele informasjon med kvarandre. Følg godt med på nyheitsbrev, kalenderen og dagen i dag. Følg med på leikemiljøet, utstillingar som kjem opp, og bilete som blir tekne m.m. For barna er det verdifullt å oppleve foreldra si interesse for deira liv i barnehagen.

LEIKEN OG BARNES LEIKEUTVIKLING

«Barnehagen skal ivareta barnas behov for leik. Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast» Rammepleanen

Vi ser at tumleleiken er sentral hos dei minste (som er vanleg opp til ca. 3 år). I tumleleiken er grovmotorisk aktivitet i fokus. Dei er «tilstades i verda» fyrst og fremst med kroppen sin. Dei har stor glede av å vere saman, herme etter kvarandre, springe, fylle og tømme m.m. Det krev plass.

I tillegg ser vi symbolleik og rolleleik som representerer utviklinga inn mot 4 års alderen. «Late som» blir eit viktig omgrep. Her tek barna utgangspunkt i ulike rekvisittar og materiell som kan symbolisere gjenstandar og roller i kvardagen som dei treng for å uttrykke seg i leiken dei er saman om.

Konstruksjonsleik ser vi gjennom interessa for å bygge og konstruere med ulike material, t.d. klossar, plankar, rør m.m.

Ein kan og sjå at barna utfordrar seg sjølv ved å ta ulik grad av risiko. Dei er nysgjerrige og ynskjer å prøve ut eigne ferdigheiter og grenser. Vi ser at barna prøvar seg på klatrestativet og sklia. Dei balanserar og hoppar frå ulike høgder. Og farten aukar i beina og på sykkelen. Nokon gonger er motet og lysta større enn evna. Barna skal få utforske eigne grenser innanfor trygge rammer saman med personalet.

Dei eldste barna er og opptekne av songleikar, ringleikar og regelleik. Å gjere noko saman som har fokus på glede styrkar fellesskapet og bidreg til inkludering.

På turane våre i skog og mark blir barna naturleg utfordra til allsidig fysisk aktivitet. Dei fire årstidene byr på ulike erfaringar. Naturen utfordrar og kreativiteten. Vi går i ulendt terreng og får trene både balansen, styrken og tolmodet m.m. Her er klatremoglegheiter, vi kan springe, hoppe, ake osb. Naturen er og full av materiell til funksjonsleiken. Pinnar, konglar, mose og stein m.m. blir til dyr og andre ting.

Gjennom ulike felles opplevingar gjev vi barna moglegheit til å finne saman i leik. I tillegg til opplevingar og interesser som barna bringer med seg til barnehagen vil vi m.a. fortelje eventyr og lese forteljingar som kan leikast i etterkant. Ved å tilføre rekvisittar og

ulikt materiell kan barn sjølv uttrykke sine opplevingar av tekst og fortelje vidare. Eit døme på dette er når barna er med på å fortelje eventyret om Bukkane Bruse medan vi lagar rekvisittar og figurane vi treng i kitt/leire. Eventyret kan og utvikle seg i andre spanande retningar medan vi held på.

Før overgangen til garderobesituasjon og uteleik har dei eldste «sorteringsmøte» der barna får velje seg ein type materiell dei vil ta ansvar for å sortere på plass (i forkant har det blitt samla inn eksempel på ulikt materiell som barna har nytta i sin leik). Her er målet å utvikle ansvarsfølelse og bidra med hjelp inn i fellesskapet. Leikemateriell setjast på plass slik at det skaper motivasjon og inspirasjon, og blir lettare tilgjengeleg for dei som kjem etter.

Personalet skal vere tett på i leiken med barna for å støtte det einskilde barnet og samhandling i gruppa. Dei går inn i og er til stades i leiken på ein undrande og nysgjerrig måte for å bevare leiken og for å utvikle den vidare. Vi skal og tilføre spenning og utvikling mellom anna ved å tilføre egna leikemateriell. Nyansane i leikeutviklinga til barna blir meir synlege for oss vaksne når det er eit godt tilrettelagt leikemiljø.



BARNES MEDVERKNAD

«I barnehagen skal alle barna kunne erfare å vera viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Personalet skal byggje på kreativitet og leik og vere opne for improvisasjon og medverknad frå barna.

Skal ein kunne delta konstruktivt og positivt i samarbeid med andre må ein vere trygg, ein må lære seg sosiale ferdigheter som å ta andre sine perspektiv, vise empati, regulere egne følelsar og innordne seg i samspel og samarbeid. *Barna er i ulik alder og modning, og har ulike forutsetningar, erfaringar, og behov som det skal takast hensyn til.*

- ✓ Gjennom å spørje, lytte og tolke barns signal i det daglege samværet ynskjer vi å fange opp korleis den einskilde har det, om dei har nokon å leike med og korleis dei har det saman med andre barn og personalet. Om det noko dei treng hjelp til og om

dei ser nokon som ikkje har det bra. Dei skal og få koma med reaksjonar på korleis dei opplever og har opplevd lek og aktivitetar dei er med på osv.

- ✓ Personalet skal vere nysgjerrige saman med barna og fordjupe seg i det barnet opplever, gjev uttrykk for og er interessert i. På denne måten kan vi nytte det dei uttrykker i planlegginga. Vi må vere bevisste på dei føresetnadane barna har til å kommunisere behov, meiningar og ynskjer. Barn fortel både med kroppsspråk og med talespråk.
- ✓ Barn uttrykker seg i hovudsak gjennom leiken, men dei skal også ha tilgang til og kunne velje andre uttrykksformer som td. formingsmateriell og musikkinstrument.
- ✓ Barna skal få oppleve tillit til at deira stemme og deira invitasjonar betyr noko. Eksempel på det er å gje dei rom til å fortelje medan andre lyttar, i samling og under måltidet, når ein har noko ein ynskjer å formidle. Det er viktig å lære at ein kan hjelpe kvarandre ved å la den einskilde få fram sine tankar og meiningar, og dele erfaringar i fellesskapet.
- ✓ Øve på å ta imot innspel frå andre, og utføre oppgåver. Øve på turtaking.
- ✓ Etter kvart som barna har fått erfaringar frå ulike plassar i nærmiljøet skal dei t.d. få vere med å planleggje og gjennomføre turar. Kor vil dei gå? Kva har dei lyst til å oppleve på neste tur? Barna skal erfare at det dei har vore med og planlagt blir ein realitet.

ANSVAR

- ✓ I følgje handlingsplan for trygge og inkluderande barnehagar i Seljord skal vi utarbeide felles reglar for samhandling. På den måten ynskjer vi å skape tankar om korleis alle kan gjere sitt for at den einskilde skal ha det bra. Då har vi og noko konkret å gripe tak i både som motivasjon, og når vi treng å reparere relasjonar oss i mellom.
- ✓ Vi skal ha følelsar som eige tema. Vi skal identifisere følelsar i oss sjølv og setje ord på dei. Vi skal gje rom for bearbeiding av følelsar i lek, samtale, gjennom formingsaktivitetar og musikk. Og vi skal øve på å regulere følelsar i naturlege situasjonar og gjennom Therraplay leikar. Vi skal og fokusere på å identifisere tankar som hjelper oss sjølv og andre, og dei som gjer det vanskeleg for oss sjølv og andre.
- ✓ Barnas utfordringar og eigne grenser skal anerkjennast. Øve på å setje eigne grenser på ein adekvat måte, t.d. seie stopp/eg vil ikkje og vise det med kroppen sin. Og ein skal respektere andre sine grenser. Øve på konflikthandtering.
- ✓ Barna skal utfordrast til å gjere det dei kan klare sjølv ut frå eigne føresetnadar. Barna vil oppleve at vaksne har forventningar og stiller krav på ein omsorgsfull og støttande måte. Meistring styrker sjølvfølelsen og er med på å utvikle sjølvstende og skape identitet.

- ✓ Snakke fint til kvarandre, omtale kvarandre positivt og behandle kvarandre med respekt.
- ✓ Dei skal øve på å stanse opp, samle seg og ta i mot innspel som kjem frå andre. Og bry seg når dei ser at nokon ikkje har det bra. Dei blir oppmoda til å hjelpe andre rundt seg, og skal vite at dei får hjelp om dei treng det. Det er viktig med oppmuntring og ros.

INKLUDERING

«Inkludering i barnehagen handlar om å leggje til rette for sosial deltaking» Rammeplanen

- ✓ Personalet skal vere tett på barna slik at vi kan fange opp, rettleie og støtte.
- ✓ Dei vaksne skal vere rollemodellar i det å invitere inn i leik og samspel.
- ✓ Fremme sjølvkjensla til barna ved å bl.a. la dei få vite at dei er gode nok og verdt noko for den dei er. Dei skal oppleve at dei har noko å bidra med i fellesskapet ved å få rom til å bruke sine ressursar og si stemme.
- ✓ Legge til rette for felles opplevingar og fellesskapsleikar der alle er med og kan oppleve felles glede, samarbeid, samtale m.m.. T.d. turar, reguleringsleikar i gruppe, musikkaktivitetar, songleikar osv.
- ✓ Seie «hei» og «hadet» til kvarandre når vi møtast og drar frå kvarandre.
- ✓ Korleis barn blir møtt av foreldre og personalet, og andre betydningsfulle vaksne og barn, dannar indre arbeidsmodellar for korleis dei ser på seg sjølv og kva mønster dei tek opp i seg og adopterar når det gjeld eigen veremåte. Barn er sensitive og får med seg meir enn ein trur.



OVERGANG BARNEHAGE- SKULE (2017-GRUPPA)

«*Dei eldste barna skal få høve til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen*». Rammeplanen

Skulen og barnehagen har i saman utarbeida ein plan for overgangen frå barnehagen til skulen hausten 2023. Den ligg på MyKid. Samarbeidet har som mål å skape trygghet og forutsigbarhet for barnet ved skulestart. Ved å skape ulike møtepunkt byggjer vi relasjonar med lærarar og elevar på skulen/SFO. Barna skal få opplevingar og omgrep som gjev dei ein forståing av kva skule er.

Dei ulike møtepunkt er;

- ✚ Leik på skulen og utforsking av lokalene inne og ute
- ✚ Ulike samlingar inkl. turar, og stasjonsundervisning med 1. klasse
- ✚ Lesegrupper med fadderane
- ✚ Felles opplevingar med Den kulturelle skulesekken o.a.

I barnehagen skal dei eldste førebu seg ved å;

- ✚ Utvikle og øve på sosial kompetanse
 - å kunne hevde seg sjølv (tørre å vere i fokus, hevde egne meiningar og ynskje).
 - regulere følelsar
 - vise empati
 - ta ansvar for seg sjølv og dei andre i fellesskapet
 - kunne samarbeide
- ✚ Utvikle og øve på relasjonskompetanse
 - kunne etablere, utvikle, vedlikehalde og reparere relasjonar med mellom menneske.

Dette jobbar vi med og øver oss på kvar dag gjennom opplevingar og erfaringar vi gjer i leik og anna aktivitet.

